



Bue Salmon AS

Løyve etter forureiningslova for tiltak i sjø – Utbetring av farleia i Langøysundet i Askvoll kommune for Bue Salmon AS

Statsforvaltaren gir Bue Salmon AS løyve til mudring og undervasssprenging over eit areal på 31 575 m² og eit volum på 93 743 m³. Formålet med tiltaket er å utbetre farleia i Langøysundet slik at brønnfartøy av relevant storleik kan kome til på Bue Salmon sitt anlegg i Gjørøy i Askvoll kommune.

Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden 1. august til 31. desember 2026, og er vurdert til å vare i 3 månader.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 og § 16, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Vilkår for løyvet er gitt i vedlegg som følgjer med løyvet.

Vi viser til søknad frå Bue Salmon AS, motteken 4. februar 2026, samt Askvoll kommunes vedtak etter plan- og bygningslova datert 3. februar 2026, der kommunen samtykkjer til parallell handsaming av søknad om dispensasjon og rammeløyve til tiltaket. Vi viser også til andre opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden, herunder Askvoll kommune sin dispensasjon datert 27. april 2026 .

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til undervasssprenging og mudring i sjø til Bue Salmon AS i Askvoll kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11 og § 16, jf. forureiningsforskrifta § 22-6.

Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.



Vedtak om gebyr for sakshandsaming


Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 5, 94 600 kroner, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om tiltaket

Bue Salmon AS planlegg mudring i sjø, og søker om løyve etter forureiningslova for delar av anleggsarbeidet. Anleggsarbeidet omfattar undervasssprenging over eit areal på 31 575 m² og eit volum på 93 743 m³. Formålet er å utbetre farleia i Langøysundet slik at brønnfartøy av relevant storleik kan kome til på Bue Salmon sitt anlegg på Gjørøy i Askvoll kommune. Fig. 1 viser mudringsområdet ved akvakulturanlegget. Fig. 2 illustrerer situasjonsplan for utbetring av farleia.



Figur 1: Kart over tiltaksområdet ved akvakulturanlegget på Gjørøy.




Figur 2: Situasjonsplan for mudrings- og undervasssprengingsområdet i Langøysundet. Henta frå «Søknad om dispensasjon for utbetring av farlei i Bulandet – Askvoll kommune».



Det skal etablerast ei rett (bein) farlei med 40 meter breidde på -8 LAT, inn til ein snusirkel inne i vågen med ein radius på 70-75 m på same djup. Inne i vågen blir det gjennomført mudring på delar av området til -7 LAT. Arbeidet skal utførast frå lekter ved bruk av grabbmudring og undervasssprengning. Tiltaket gjelder reine sprengte steinmassar som vil transportert bort frå tiltaksområdet til godkjent lokasjon.

Bue Salmon har inngått ein intensjonsavtale med Trolleskjæret AS v/Thor Arne Ullaland i Florø. Massane vil bli transportert til Florø, der dei skal nyttast til etablering av nytt land i samsvar med godkjende reguleringsplanar og løyve, jf. løyve frå Statsforvaltaren til Trolleskjæret AS¹. Andre godkjent lokasjonar for utfylling kan og vere aktuelle for mottak av deler av massane.


I sjølve Langøysund (markert med raud pil i figur 3) er det ikkje registrert nokon marine naturtypar, men i området rundt er det registrert større førekomstar av tareskog og skjelsand som kan bli påverka av boreslam og partiklar frå anleggsarbeidet. Fig. 3 viser registreringar av tareskog og skjelsand.



Figur 3: Oversiktskart over tareskog og skjelsand i området rundt Langøysund. Hentet frå databasen Naturbase.


Bulandet ligg innanfor eit registrert gyteområde for kystorsk, og området er eit økologisk funksjonsområdet for marine artar og sjøfugl. Fig. 4 illustrerer gyteområdet.

¹ Løyve etter forureiningslova – utfylling i sjø Gunhildvågen – gnr/bnr 28/1028 i Florø for Trolleskjæret AS. 19.08.2024.



Figur 4: Oversiktskart over gytefelt for torsk. Raud pil peiker mot Langøysund.

STIM gjennomførte i september 2025 ein kartlegging av det marine naturmangfaldet på sjøbotnen som kan bli direkte påverka av mudrings- og sprengingsarbeidet i Langøysund, samt eit forventa influensområde omkring dette.



Figur 5: Sjøkart over området som blir direkte berørt av tiltaket er markert med raudt skravering, og videotransekta er markert med svarte linjer.

Det vart observert varierende førekomst av sukkertare og skjelsand gjennom heile det kartlagde området. Frekvensen av funn var såpass høg at heile området bør kategoriserast som sukkertareskog, sjølv om tettheita i nokre område ikkje oppfyller definisjonen av tareskog. Arealet til tareskog- og skjelsandførekomst er for lite til å kvalifiserast som «spesiell naturtype» etter DN-handbok 19-2001, men funna kan vere del av større førekomst via sunda nord og sør. Sukkertareskog er klassifisert som sterkt trua på Norsk raudliste 2018.



Tiltaksområdet i Langøysundet ligg relativt skjerma mellom holmar. Gjennom sundet er det ordinære tidevatn- og kyststraumforhold. Bulandet består av lave holmar og er eksponert for ver og vind. Utover hausten vil det typisk kunne vere periodar med krevjande vind og værforhold, særleg med tanke på bortfrakting av massar på lekter.

Mudring og lasting av utsprengd stein skal gjennomførast så skånsamt som mogleg for å redusere partikkelspreiing og ta omsyn til lokalbefolkninga, fugl og fisk. For å avbøte eventuelle støyp lager skal den minst støyande aktiviteten leggjast til nattetid. Med tanke på risiko for spreiring av partiklar vil det vere utfordrande å etablere siltgardin i eit sund som Langøysundet. Skyteleidningar og ev. plastavfall vert samla opp etter kvar sprenging.

Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden 1. august til 31. desember 2026. Prosjektet er vurdert til å vare i 3 månader.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Askvoll kommune, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Bergens Sjøfartsmuseum og Sør-Norges Fiskarlag, Kystverket og Høringsradaren, og søknaden låg til offentleg ettersyn på Statsforvaltarens heimeside. Frist for å gje uttale var 16. mars 2026.

Bue Salmon kommenterte uttalane i høyringsbrev datert 11. februar 2026. Kommentaraner er referert i blå tekst nedanfor.

Vi fekk følgande høyringsutsegn frå Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Bergens sjøfartsmuseum, Sør-Norges Fiskarlag:

Mattilsynet (20. februar 2026)

Attgjeving av uttale:

"Mattilsynet har forvaltningsansvar for å ivareta god velferd hos fisk og tifoekreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr, jf. dyrehelseforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta. Vi uttalar oss om kva effekt planlagde tiltak vil kunne ha på akvakultur og villfisk i området.

Næraste oppdrettslokalitet til tiltaksområdet er Guriøyna som ligg i Ytre Melværsundet, om lag 2 km frå tiltaksområdet i sjølinje. Ut frå Mattilsynet sine opplysningar vil ikkje lokaliteten stå tom i den aktuelle tidsperioden for gjennomføring av arbeidet.

Generelt om effekt av mudring:

Partiklar frå steinmassar har ein svært negativ effekt på fisk. Mudring av sediment gir mykje partiklar i vatnet, og slike partiklar kan irritere gjellene med påfølgjande auka slimdanning. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp oksygen, og fisken vil kunne lide under dette. Stress og nedsett føropptak/ redusert vekst kan vere reaksjonar etter slik påverknad.

Tilførsel av partikulært vatn vil avhenge av avstand, hovudstraumbilete, månefasar, vind m.m. Vår vurdering er at fisk som står i lokaliteten Guriøyna i verste fall kan bli negativt påverka, men at det er vanskeleg å anslå graden av dette.



Generelt om effekt av undervasssprenging:

Lyd og trykkbølger kan bære langt under vatn, og det er ingen tvil om at slike effektar skremmer fisk. Trykkbølger må vi anta at kan drepe fisk i direkte nærleik, mens det truleg vil være slik at fisk i eit område rundt også kan ta skade av trykkbølger. Vi har ingen data på kva avstand som er stor nok til ikkje å ha slik effekt på fisken. Fisk er sensitive for trykkendingar og har organ som kan registrere slikt på ein annan måte enn landdyr.

Mens villlevande fisk kan reagere på skremmande stimuli med å trekkje seg unna, kan ikkje fisk i eit oppdrettsanlegg gjere det same. Fisk innestengt i merd kan få panikkreaksjonar som gjer at den klemmer seg saman i botnen av notposen eller raser inn i notveggen. Dette kan gi skadar/auke i dødelegheit og nedsett dyrevelferd.

På same måte som for mudring, er det vår vurdering at det ikkje kan utelukkast negativ påverknad av sprenging på fisken i lokaliteten Guriøyna, men at det er vanskeleg å anslå graden av denne påverknaden."

Bue Salmon sin kommentar:

"Mattilsynet konkluderer med at tiltaket truleg vil ha negativ innverknad på villlevande artar. Eventuell negativ påverknad på oppdrettsfisk er meir usikker, men kan ikkje sjåast bort frå. Partiklar for steinmassar har ein svært negativ effekt på fisk. I høve akvakultur kan lokaliteten Guriøyna, 2 km unna, i verste fall bli negativt påverka både med omsyn til partiklar i vatnet, og med omsyn til lyd og trykkbølger.

Bue Salmon deler vurderinga av at villfisk i området vil bli påverka negativt dersom den ikkje blir skremt bort i anleggsperioden. Eit tiltak er difor å starte med ladningar som primært har til formål å skremme fisk bort frå området før ein startar det permanente arbeidet med boring og sprenging. Mindre mobile artar i sundet vil bli mest påverka av tiltaket, ref. konklusjonane i naturkartlegginga som fylgjer søknaden. Noko av verknaden for desse artane kan diverre bli permanent. Det er likevel grunn til å tru at ein vil sjå høg grad av reetablering av lokale artar i eit sund som Langøysundet.

Når det gjeld eventuell påverknad på akvakultur i nærområdet blir ein nøydd til å overvake situasjonen både med omsyn til partiklar, lyd og trykkbølger. Det vi vurderer som størst risiko i forhold til det Mattilsynet kommenterer er produksjonen på vår eigen lokalitet Gjørøyna i samband med innsett og levering av fisk. Brønnfartøyet vil då vere avhengig av å hente vatn frå nærområdet til anleggsarbeidet. Når det gjeld akvakultur-lokaliteten Guriøyna meiner vi i utgangspunktet at vassavstanden er mykje lenger enn det en kan få inntrykk av i luftlinje. Vatn med partiklar som kjem ut Olsundet vil normalt bli ført rett nordover med ein rimeleg konsistent kyststraum. Med tanke på lyd og trykkbølger vil det også ligge fleire holmar mellom anleggsområdet og Guriøyna-lokaliteten. Men også dette er noko vi må hande auge med."

Fiskeridirektoratet (23. februar 2026)

Attgjeving av uttale:

"Fiskeridirektoratet syner til vår uttale til dispensasjonssøknaden. Vi ber om at dei vilkåra vi bad om i samband med eventuelt positivt dispensasjonsvedtak følgast opp i løyve etter forureiningslova:

- Sprenging og mudring skal ikkje gå føre seg i gyte- og oppvekstperioden for torsk (1. januar–31. mai)
- Det skal nyttast tilstrekkelege avbøtande tiltak for å hindre spreining av sediment, plast, framande artar og anna forureining



• Tiltakshavar må varsle Sør-Norges fiskarlag og Norges Sildesalgslag i forkant av Anleggsarbeida"

Bue Salmon sin kommentar:

"Fiskeridirektoratet viser til uttale til dispensasjonssøknaden som er til handsaming i Askvoll kommune, og ber om at kommune set vilkår om at arbeidet ikkje kan utførast i gytetida for torsk, at det skal nyttast tilstrekkeleg avbøtande tiltak for å hindre spreining av sediment, plast, framande artar og anna forureining. Det må også settast som vilkår at Sør-Norges Fiskarlag og Norges Sildesalgslag blir varsla i forkant av anleggsarbeida.

Bue Salmon AS har i utgangspunktet fokus på dei utfordringane som Fiskeridirektoratet tar opp. Vi viser vidare til våre merknaden til uttale frå Sør-Norges Fiskarlag som gjeld det same."

Bergens sjøfartsmuseum (10.03.26)

Attgjeving av uttale:

"Museet kjenn ikkje til kulturminne ved Langøysundet i Askvoll kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne."

Bue Salmon sin kommentar:

"Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Langøysundet i Askvoll kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har difor ikkje andre merknader enn det som fylgjer direkte av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, herunder plikt til stopp i arbeid og varsling dersom ein skulle finne noko under arbeidet.


Bue Salmon AS ta uttalen til etterretning. I samband med naturkartlegging hadde ein og syn for eventuelle teikn til kulturminne på botnen utan å observere slike."

Sør-Norges Fiskarlag (16.03.26)

Attgjeving av uttale:

"Sør-Norges Fiskarlag viser til søknad fra Blue Salmon AS om tillatelse etter forurensningsloven til tiltak i sjø i forbindelse med utbedring av farleden i Langøysundet i Askvoll kommune. Søknaden er begrunnet med behovet for å tilrettelegge for bedre tilkomst for brønnbåter til anlegget.

Fiskeriinteresse ved tiltaksområdet



Figur 1. Oversiktskart hentet fra fiskeridirektoratets kartverktøy «Yggdrasil» og viser kartlagte kystnære fiskeridata.

Omsøkt tiltak ligger innenfor område hvor det er kartlagt gyteområde for torsk. I tillegg er det kartlagt låssettingsplass for sei sør for tiltaksområde ved Klonskjæret.

Utførelse av arbeidet – tiltak i og ved sjø

- forurensning

Sør-Norges Fiskarlag ber om at tiltakshaver iverksetter avbøtende tiltak for å hindre at sjøarealene rundt området blir utsatt for unødig forurensning. Utover dette vises det til de alminnelige kravene i lov 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurl.), og kravet om at ingen må iverksette tiltak som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig i § 7 (plikt til å unngå forurensning).

- Sprengning i og ved sjø

Havforskningsinstituttet har utarbeidet råd for menneskeskapt støy i havet, som inneholder vitenskapelig undersøkelse av utbygging og sprengning i sjø. Dette inkluderer bl.a. bruk av eksplosjon i sjø som kan påvirke det marine økosystemet:

- Relevant kompetanse trekkes inn i prosjekteringen av sprengningsarbeidet slik at hensyn til marint liv ivaretas. Her bør det gjøres lokale vurderinger blant annet for å ta hensyn til eventuelle gytefelt.
- Havforskningsinstituttet tilrår å bruke boblegardin ved sprengningsarbeid i sjø.
- Havforskningsinstituttet tilrår å dele opp salvene i mindre deladninger (sekvensiell sprengning).
- Havforskningsinstituttet anbefaler å sette av salvene når sjøforholdene i seg selv gir god demping, altså ikke ved speilblank overflate.
- Ved sprengning brukt i forbindelse med utfyllinger i sjø tilrår Havforskningsinstituttet at ladningen plasseres i rør i fyllingen, og ikke på fyllingsfot.



- Kjemisk og mekanisk forurensning omhandles ikke av denne rapporten, men man bør i tillegg også ta hensyn til forurensningsfare fra sprengningsarbeider, både i form av både partikler og kjemisk forurensning.
- Havforskningsinstituttet fraråder at sprengningsarbeid i sjø gjennomføres i gyteområder når fisken gyter samt i tiden rett etterpå, dette for å skjerme egg og yngel.
- Havforskningsinstituttet tilrår at det utvises ekstra aktsomhet ved sprengningsarbeider i sjø dersom dette medfører irreversible endringer i strukturer og substrat i gyteområder. Dette rådet gjelder hele året.

Sør-Norges Fiskarlag ber om at utførelse av arbeid i og ved sjø planlegges og gjennomføres med særlig hensyn til fiskeriinteresser. Vi ber videre om at tiltakshaver følger Havforskningsinstituttets råd ved sprengningsarbeid i eller i nærheten av sjø.

Sør-Norges Fiskarlags avsluttende merknader

Sør-Norges Fiskarlag ser positivt på at mudring og lasting av utsprengt stein planlegges gjennomført på en mest mulig skånsom måte, med mål om å redusere spredning av partikler og ivareta hensynet til blant annet fisk. Vi finner det også positivt at tiltaket er planlagt gjennomført i perioden 1. august til 31. desember 2026, som ligger utenfor gyteperioden for torsk samt perioden hvor larver og yngel bunnslås. Fiskeriene høster av overskuddet fra den fornybare biologiske produksjonen i havet, og er avhengige av intakte gyte- og oppvekstområder, god vannkvalitet og tilgjengelige fiskefelt for å sikre ressursgrunnlaget og bærekraftig høsting av disse. Det er derfor viktig at fiskeriinteressene ivaretas, og at tiltaket gjennomføres på en måte som tar hensyn til det ytre marine miljøet. Dette innebærer blant annet at kartlagte gyteområder, gyteperioder og låssettingsplasser blir hensyntatt."

Bue Salmon sin kommentar:

"Sør-Norges Fiskarlag er opptatt av at utføringa av arbeid i sjø blir gjennomført utanfor gytetida til torsk og med særleg omsyn til fiskeriinteressene. Det bør settast inn avbøtande tiltak for å unngå unødig ureining, jf. ureiningslova § 7. Det er vidare viktig å ta omsyn til Havforskningsinstituttet sine råd for å minske effektane av menneskeskapt støy i havet.

I søknad om utbetring av farlei har Bue Salmon AS tatt så godt omsyn til perioden for gyting av torsk og sild som råd. Arbeidet vil krevje 4-5 månader med arbeid. Arbeidet vil bli utført i perioden august til desember. Ein har vidare lagt opp til å utøve sprengings- og mudringa så skånsamt som råd. Dette handlar dels om å gjennomføre prosjektet på så kort tid som råd slik at ulempene ikkje drar unødig ut i tid. Det handlar vidare om å redusere påverknad på natur, miljø i den grad dette er råd å kontrollere. Vi er kjent med Havforskningsinstituttets rådgjeving knytt til menneskeskapt støy i havet.

Når det gjeld avbøtande tiltak for å mindre partikkelspreiing mv. er det utfordringar knytt til å arbeide i eit sund som Langøysundet. Det er til dømes vanskeleg å bruke tiltak som silt eller boblegardin eller liknande tiltak. For å kunne gjennomføre prosjektet så skånsamt som råd har vi rådspurt lokale fiskarar og andre lokalkjente, samt gjennomført grundige undersøkingar av botnen og naturmangfaldet i området. Vi vil og overvake aktiviteten under utføring av prosjektet med tanke på å gjennomføre dette så skånsamt som råd."



Rettsleg grunngeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Mudring som bidreg til å spreie finstoff er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Sprenging i sjø fell inn under definisjonen av mudring, jf. forureiningsforskrifta § 22-2.

Mudring/undervasssprengning av sjøbotnmassar utført frå skip/lekter krev alltid løyve, jf. forureiningsforskrifta § 22-6.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova og anna lovverk

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslovverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova.

Bue Salmon søkte dispensasjon² frå kommuneplanens arealdel og detaljreguleringsplan for Engelvågen i Askvoll kommune. Dispensasjonssøknaden blei handsama parallelt med denne søknaden, og Askvoll kommune har brev³ datert 3.februar 2026 stadfesta parallell sakshandsaming.

Dispensasjon blei gjeven av Askvoll kommune i vedtak datert 27. april 2026 med følgende vilkår:

- *Sprenging og mudring skal ikkje gå føre seg i gyte- og oppvekstperioden for torsk*
- *Det skal nyttast tilstrekkelege avbøtande tiltak for å hindre spreining av sediment, plast, framande artar og anna forureining*

² Søknad om dispensasjon for utbetring av farlei i Bulandet – Askvoll kommune. 11. november 2025.

³ Parallell handsaming av søknad etter forureiningslova § 11 og søknad om dispensasjon frå plan/rammeløyve til utdjuving av farlei i Langesundet ved Gjørøyna i Bulandet.



- *Tiltakshavar må varsle Sør-Norges fiskarlag og Norges Sildesalgslag i forkant av anleggsarbeida*
- *Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.*

Støy frå anleggsarbeidet vert handsama etter plan- og bygningslova av Askvoll kommune som styresmakt, etter føresegner om støy under bygge- og anleggsperioden fastsett i føresegn § 2.8.1 og § 2.8.2 i gjeldande reguleringsplan.

Vi konkluderer at tiltaket no er i samsvar med plan – og bygningslova.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løye etter forureiningsforskrifta.

Statsforvalteren skal varslast skriftleg seinast to veker før anleggsarbeidet startar. Etter at prosjektet er ferdigstilt, skal det innan tre månader sende oss ein sluttrapport (vilkår 7.2).

Statsforvaltaren vurderer at risikoen for forureining og negative miljøverknader frå anleggsarbeidet vert redusert til eit akseptabelt nivå gjennom dei avbøtande tiltaka i søknaden av 4. februar 2026 og vilkåra i dette løyvet. Vilrå byggjer i hovudsak på tiltakshavar sitt eige framlegg, men inneheld og nokre tilleggskrav.

Grunngjeving for valde vilkår og krav

Mudring og undervasssprenging i sjø vil kunne medføre spreieing av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Mineralpartiklar som svevar fritt i vassmassane kan medføre skade på gjellene til fisk og det er vist at dei kan feste seg på pelagiske fiskeegg som hos torsk og hyse, og få egg til å søkke, noko som kan auke eggdødelegheita.

Partikkeltilførsel i sjø over lengre tid vil også kunne medføre nedslamming av sjøbotn, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra eller øydelagt. Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet gjeld det reine sprengte massar av bergarten konglomerat.

Langøysundet ligg innanfor eit gyteområde for kysttorsk. Det er og observert førekomstar av sukkertare og skjelsand i området. Om lag 2 km frå tiltaksområdet i sjølinje ligg Guriøyna oppdrettsanlegg.

Fiskeridirektoratet skriv i si uttale at arbeid i sjø ikkje bør utførast i perioden 1. januar til 31. mai, for å skjerma torsken i gytetida. I søknaden opplyser Bue Salmon at arbeidet skal utførast i perioden 1. august til 31. desember. Statsforvaltaren legg vekt på dette og set som vilkår at arbeidet vert utført i perioden 1. august til 31. desember.

Fiskeridirektoratet krev at tiltakshaver varslar både Sør-Norges Fiskarlag og Norges Sildesalgslag før arbeidet tek til, ettersom mudring og sprenging kan råke låssettingsplassar i nærområdet. Registrerte låssettingsplassar i nærleiken er ved Klongreskjeret og Nordvest av Myrbærskjer.



Undervasssprenging utgjør risiko for skader og stressreaksjonar på fiskeinteressar i nærleiken av tiltaksområdet. I denne saken ligg akvakulturanlegget Guriøyna om lag 2 km frå tiltaksområdet, og Mattilsynet uttrykker uro for fisken i merdene. Statsforvaltaren set derfor som vilkår at tiltakshavar legg frem ein fagkunnig rapport med støyberekningar som viser berekna lydtrykksnivå og trykkbølger frå dei planlagde undervasssprengingane før oppstart. Rapporten skal identifisere kva avstandar som utgjør ein risiko for skade eller stressreaksjonar på fisk, og inkluderer ei "worst-case" vurdering for påverknad på lokaliteten Guriøyna.

For å verifisere berekningane og sikre god fiskevelferd skal det etablerast eit overvåkingsprogram ved akvakulturlokaliteten Guriøyna. Dette skal inkludere:

- Kontinuerleg støymåling: Bruk av hydrofon for å måle faktisk lydtrykk og trykkbølger under dei fyrste sprengsalvene.
- Bruk av undervasskamera for å observere eventuelle flukt- eller panikkreaksjonar hos fisken i merdene.
- Fiskehelsevurdering: Autorisert fiskehelsepersonell skal vere tilgjengeleg for å vurdere fisken før, under og etter dei fyrste sprengingane dersom berekna verdiar tilseier risiko for negativ påverknad.

Dersom overvakinga viser lyd- eller trykknivå som overskrider tersklane for risiko for skade på fisk, eller dersom det vert observert unormal åtferd hos fisken, skal arbeidet stansast umiddelbart. Tiltakshavar må då iverksette ytterlegare avbøtande tiltak for arbeidet kan halda fram. Aktuelle tiltak kan vere:

- Reduksjon av ladningsstorleik per intervann (sekvensiell sprenging).
- Bruk av lyddepande boblegardin.
- Tilpassing av sprengingstidspunkt til ver- og sjøforhold som gjev betre naturleg demping.

Bruk av skytesleidningar og foringsrøyr kan vera ei kjelde til plastutslepp. Mengda plast er avhengig av type tennsystem. Plast bruker lang tid på å brytast ned, noko som har ein negativ og uønskt påverknad på miljøet. Statsforvaltaren har difor sett krav om oppsamling av eventuell plast og skytestrenger etter kvar sprenging.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldslova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal beskyttast mot forverring og oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand, jf. vassforskrifta § 4. Forverring kan ikkje tillatast med mindre vilkåra for unntak i vassforskrifta § 12 er oppfylte

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.



Endring og omgjerung

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngeven, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

1

Løyvets vilkår

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET

ASKVOLL KOMMUNE

MATTILSYNET

BERGENS SJØFARTSMUSEUM

SØR-NORGES FISKARLAG

KYSTVERKET

Postboks 185 Sentrum

Postboks 294

Postboks 383

5804

6701

2381

BERGEN

MÅLØY

BRUMUNDDAL

Mottakarliste:

Bue Salmon AS

Sweco



Løyve etter forureiningslova for tiltak i sjø – Utbetring av farleia i Langøysundet i Askvoll kommune for Bue Salmon AS

Statsforvaltaren gir Bue Salmon AS løyve med heimel i forureiningslova § 11 og § 16, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 4. februar 2026 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventta oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og ev. behov for endra avbøtande tiltak . Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Bue Salmon AS
Postadresse	6987 Bulandet
Kommune og fylke	Askvoll, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	916 066 899

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2026.0408.T	4646.0078.01	2019/7622

Løyve gitt første gong: 8. mai 2026	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Lars Martin Færseth seksjonsleiar	Hedda Vik Askeland rådgjevar	

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå mudring i sjø ved gnr./bnr. 62/2, 62/12, 69/55, 63/1, 62/4,62/16, 62/17 ved Langøysundet på Bulandet i Askvoll kommune.

Tiltaket i sjø omfattar mudring og undervasssprenging over eit areal på 31 575 m² og eit volum på 93 743 m³.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 4. februar 2026 og tilleggsopplysningar i saka med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast to veker før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfv/post@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er søkte om for å redusera fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljøriskovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova² og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

² Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79



3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på sfvlpost@statsforvaltaren.no.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreiding av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Tidsavgrensingar

For å skjerme torsken i gyte og oppvekstperioden skal arbeidet ikkje gjennomførast i perioden 1. januar til 31. mai.

4.3 Avklaring med Sør-Norges fiskarlag og Norges Sildesalgslag

Tiltakshavar skal ikkje setje i gang anleggsarbeid i sjø før det er avklart kva bruk og kva tiltak som må setjast i verk for å ta omsyn til dei registrerte låssettingsplassane ved Klongreskjeret og Nordvest av Myrbærskjer.

4.4 Undervasssprenging og omsyn til akvakultur (Guriøyna)

Før oppstart skal tiltakshavar leggje fram ein fagkunnig rapport med støyberekningar som viser berekna lydtrykksnivå og trykkbølger frå dei planlagde undervasssprengingane. Denne rapporten skal sendast til Statsforvaltaren før oppstart.

Rapporten skal identifisere kva avstandar som utgjer ein risiko for skade eller stressreaksjonar på fisk, og inkludere ei "worst-case" vurdering for påverknad på lokaliteten Guriøyna.

Det skal etablerast eit overvåkingsprogram ved akvakulturlokaliteten Guriøyna for å verifisere berekningane og sikre god fiskevelferd. Programmet skal som eit minimum inkludere:

- Kontinuerleg støymåling: Bruk av hydrofon for å måle faktisk lydtrykk og trykkbølger under dei første sprengsalvane.
- Undervasskamera: Bruk av undervasskamera for å observere eventuelle flukt- eller panikkreaksjonar hos fisken i merdene.



- Fiskehelsevurdering: Autorisert fiskehelsepersonell skal vere tilgjengeleg for å vurdere fisken før, under og etter sprengingane dersom berekna verdiar tilseier risiko for negativ påverknad.

Dersom overvakinga viser lyd- eller trykknivå som overskrider tersklane for risiko for skade på fisk, eller dersom det vert observert unormal åtferd hos fisken, skal arbeidet stansast umiddelbart. Tiltakshavar må då setje i verk ytterlegare avbøtande tiltak før arbeidet kan heldast fram

4.5 Opptak og handtering av mudringsmassar og sprengsteinsmassar

Opptak og handtering av mudringsmassar og sprengsteinsmassar fram til stad for gjenbruk skal utførast med teknologi/utstyr som samla gjev låg miljøbelastning i form av spreining av partiklar, til dømes grabbmudring.

Massane skal transporterast til Trolleskjæret AS i Florø. Der skal steinmassane nyttast til landvinning (etablering av nytt land) i samsvar med gjeldande reguleringsplan og utsleppsløve³.

Anna bruk av sprengstein frå undervasssprenging skal vere godkjend av kommunen etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren ber om at vi blir orientert om vald løysning dersom dette skjer.

4.6 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allerede etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar store problem for marine miljø og næringar. Arten veks blant anna på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er påvist ved kaier i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn (Florø, Måløy, Sløvåg). Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreining av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreining av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreining. Slike tiltak skal skje i samsvar med [rettleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

Kontroll gjeld også til transporterte båtar og utstyr. Dersom havnespy blir oppdaga, skal Statsforvaltaren kontaktast og orienterast om kva tiltak som blir sett i verk for å overhalde aktsemdsplikta.

³ Løve etter forureiningslova - utfylling i sjø Gunhildvågen gnr/bnr 28/1028 i Florø for Trolleskjæret AS, løyvenr. 2024.0695.T, sist endra 5. mars 2025.



5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiring av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiring av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar⁴ for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukte partikkelsperrer skal leverast til lovleg mottak.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085 | 2018⁵ kan nyttast som ein rettleier.

⁴ Håndtering av sediment. Miljødirektoratet M-350

⁵ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



7 Rapportering og dokumentasjon

7.1 Rapportering før oppstart

Støyberegning (vilkår 4.4) og plan for kontroll og overvaking skal sendast Statsforvaltar før oppstart anleggsarbeider.

7.2 Sluttrapport

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Skildring av resultatata frå gjennomført turbiditetsovervaking
- Oversikt over uønskete hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.